



# STRYN KOMMUNE

## Bustadtilskot til utgreiing og prosjektering

### Stryn kommune sine retningslinjer for tildeling

#### 1 Formål

Tilskotet skal bidra til at personar med behov for tilpassa bustad skal få utgreidd og prosjektert løysingar for ein betre tilpassa bustad.

#### 2 Kven kan få tilskot

Tildeling av tilskot vil vere avhengig av om det er disponible kommunale midlar tilgjengeleg.

Tilskot kan tildelast til enkeltpersonar med behov for utgreiing og prosjektering i samband med tilpassing av bustad som skal dekke spesielle behov. Tilskotet kan tildelast når nokon i husstanden har behov for tilpassing for å kunne fungere i bustaden. Tildeling vert gjort etter ei økonomisk behovsprøving og tilpassinga må vere hensiktsmessig. Det vert lagt vekt på husstanden sin samla situasjon og økonomi og om den vanskelege situasjonen er av varig karakter.

Prioriteringar:

1. Familiar med funksjonshemma barn, føreliggjande behov og svak økonomi
2. Husstandar med føreliggjande behov og svak økonomi
3. Familiar med funksjonshemma barn, føreliggjande behov og normal god økonomi
4. Husstandar med føreliggjande behov og normal god økonomi
5. Husstandar som ønskjer å tilrettelegge for framtidig behov

Tilskot vert normalt berre tildelt ein gong.

#### 3 Kva får ein tilskot til

Tilskot kan nyttast til enkle undersøkingar av bustaden, bl.a. tilkomst til bustad, beskriving av den tekniske tilstanden, arealbehov og økonomiske overslag. Tilskotet kan tildelast til å dekke kostnader til leige av fagleg hjelp til prosjektering, t.d. leige av arkitekt og liknande. Tilskotet kan også tildelast til prosjektering av velferdsteknologi. Utgreiing og prosjektering

skal utførast av fagkunnig. Tilskotet vert som hovudregel berre tildelt til eksisterande bustader.

Øvre grense er normalt kr 20 000,-.

#### **4 Søknad og saksgang**

Søknad om tilskot til utgreiing og prosjektering skal sendast Stryn kommune. Økonomiske opplysningar skal leggest ved søknaden, saman med ev legeerklæring og/eller sosialrapport.

#### **5 Tryggleik for tilskotet**

Tilskot større enn kr 40 000,- vert å sikre ved tinglyst pant.

#### **6 Utbetaling**

Tilskotet kan utbetalast når tilfredstillande sikkerheit er etablert (tilskot over kr 40 000,-), prosjektet er fedigstilt og søkjar har dokumentert av kostnadane er påløpt og fakturert.

#### **7 Krav om tilbakebetaling**

Tildelt tilskot over kr 40 000,- kan krevast tilbakebetalt heilt eller delvis, eller bli omgjort til lån, dersom bustaden vert overdregen eller nytta til anna husstand/formål enn føresetnaden. Avskrivningstida er 10 år.

I særlege tilfelle, for eksempel ved sal av bustad som fører til tap, kan kravet om tilbakebetaling av tilskot fråfallast.

#### **8 Klagerett**

Det er klagerett på vedtak om tilskot til utredning og prosjektering jf. Forvaltningslova. I klagen skal det gjerast greie for kva det vert klaga på og kva endring ein ønskjer. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtaket er motteke. Dersom det ikkje vert gjeve medhald i klaga, vert den å sende til vidare klagehandsaming i kommunen.